

Hallo i nedslagsfeltet!

Kvar gong eg skal skrive jenteblogg blir eg like overraska over kor fort fire veker går. Og eg set meg deretter ned og lurar på kva eg har brukt tida mi på.

Sannheita er at mesteparten at tida går med til skule og lesing. Denne veka her har vi hatt tre midttermeksamenar og to innleveringar, noko som har gjort at trening har vorte ganske nedprioritert siste vekene. Men nokre treningsøkter og sportslege aktivitetar av ymse slag har eg sjølv sagt tatt meg tid til.

For nokre veker sidan stilte klassa mi lag på ei fotballturnering i Manglerudhallen, som var arrangert av skulen. Laget mitt gjorde det veldig bra i dei innleiande kampane, og kom vidare til sluttspilet. Der møtte vi uheldigvis vinnarlaget, og hadde lite å stille opp med. Men glede over å spele fotball var uansett til stades i aller høgste grad, sjølv om vi rauk på eit braktpå i kvartfinalen.

Ein onsdagskveld tok eg og nokre strandajenter turen til Ullevaal for å sjå på landslagskamp. Og med landslaget så snakkar eg sjølv sagt om *kvinnelandslaget* – det er jo trass alt dei som presterar for tida! Og kampen innfridde til forventningane, og Noreg vant 4-1 over Belgia.



Kosar oss på landslagskamp!

Elles har eg fått brukt Nordmarka ein del til å ta meg ein liten joggetur no og då. Minuset med at vi går mørkare tider i vente, er at det blir berre færre og færre timar i løpet av dagen ein kan bruke til å ferdast i marka, men til gjengjeld er det slåande vakkert med alle dei flotte fargane som kjem fram i denne årstida.



Tidlegare denne veka tok eg meg ein liten pause frå eksamenslesinga for å høyre på eit foredrag om turar til Aconcagua, Elbrus, Himalaya og Kilimanjaro, arrangert av turoperatøren Hvitserk. Sjølv om eg er topp motivert med tanke på vidare studiar, må eg verkeleg seie at det eg har aller mest lyst til er rett å slett å vere på tur og gløyme kvardagslivets mas og jag!

Men etter mange intensive dagar med hovudet i boka har eg endeleg kunne tatt meg ein lesepause denne helga. Det har eg "feira" med fleire gode treningøkter! Fredag vart eg invitert med på KRIK-trening av ein kompis, der ein kunne velje mellom både futsal, basketball, innebandy og volleyball. Eit veldig kjekt tilbod med varierende aktivitetar, og som eg mest truleg kjem til å bli med på fleire gongar.

Laurdagen vart det ein god og lang joggetur før eg avslutta med spensttrening heime i hagen. Som spenstpinnar brukar eg gamle pinnar som tidlegare har vorte brukt til å halde oppe eit straumgjerde. Neste gong eg skal heim til Velledalen kjem eg nok til å ta med meg enda fleire pinnar, men inntil vidare fungerer det kjempebra med dei eg har no.



Kreativ spensttrening i hagen.

Tidlegare i dag (søndag) tok eg og strandatausene turen til Holmenkollen for ei ordentleg hardøkt i trappene. Veldig deilig å kjenne blodsmaken i munnen og at det dirrar i beina etter trening – då veit eg at eg har tatt meg ut skikkeleg!



Klare for ei god økt i Holmenkollen.

PS: Mi personlege form på ein skala frå 1-10 er i skrivande stund vurdert til: 6,8

- Christina Holmberg